



Jostein Ådlandsvik
GRØNHAUGVEGEN 44
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/188 - 22/6502

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
24.01.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 349/14 lo

Tiltak: Søknad om arealoverføring
Byggjestad: Gbnr 349/14
Tiltakshavar: Jostein Ådlandsvik

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.01.2022.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Arealet som vert søkt arealoverført er sett av til formålet LNF spreidd bustad i kommunedelplan for Meland. Det må derfor søkjast om dispensasjon frå dette arealformålet om ein skal få lagt omsøkt parsell til fritidseigedomen gbnr 349/51. Informasjon om søknad om dispensasjon finn ein mellom anna på heimesida til kommunen: [Alver kommune - Dispensasjon](#) og i vedlagte dokument. Me gjer merksam på søknad om dispensasjon skal nabovarslas. Dispensasjonssøknad er gebyrbelagt i samsvar med vedteke gebyrregulativ. For tida kr. 17 425,-
2. Søknad om arealoverføring er sendt inn før fristen til å komma med nabomerknader var ute. Det må gjerast greie for om det er kome nabomerknader. Desse må eventuelt kommenterast.
3. Gbnr 349/51, som er oppgjeven som mottakar av omsøkt areal, er registrert med eit areal på 4729 m² i matrikkelen. Føresegnene til kommunedelplan for Meland set ein maksimal storleik på tomt for fritidsbustad på 1,5 dekar. Det må søkjast om dispensasjon frå punkt 1.6.14 i føresegnene til kommunedelplanen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 08.03.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon(458297)

Mottakarar:

Jostein Ådlandsvik

GRØNHAUGVEGEN 44

5917

ROSSLAND